



Telefon: 90 68 01 00
Adresse: Dyrkolbotn 119
5994 VIKANES
Orgnr: 985 868 344 mva

DYRKOLBOTN FJELLSTOVE Leirskole og gjestehus

Lindås Kommune

UTTALE TIL RULLERING AV KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL

Med grunnlag i gjeldande arealplan frå 2011, har Dyrkolbotn Fjellstove no kome langt med gjennomføring av vidare utbygging. Driftsbygning er ferdig, reinseanlegg på plass og grunnarbeidet på personalbustader/næringsbygg er snart ferdig. Det er viktig for oss at kommuneplanen sine arealføremål ikkje vert endra, slik at vår utbygging og vidareutvikling kan halde fram.

Det er spesielt viktig at området ved fjellstova får behalda statusen «spreidd næring», der bygging kan skje innafør nærare oppdregne retningslinjer, men utan at vi treng ein full reguleringsplan. Det er dyrt og arbeidskrevande å skaffe seg ein reguleringsplan, så dersom det hadde vorte kravd, så hadde vi ikkje kome i gang med vidare utbygging enno. Kanskje aldri, avdi vi ikkje hadde hatt råd.

Dersom kommunen ynskjer å hjelpe fram fleire små næringsdrivande til å utvikle bedrifta si vidare, så er det effektivt å gjere det slik som eksisterande kommuneplanen har gjort det i Dyrkolbotn

Når det elles gjeld arealbruken, viser eg til vår uttale datert 4. mars 2018. Vi var visst ein runde for tidleg ute med å vere så konkrete i høve til LNF-vurderingane, så eg legg uttalen vår ved på nytt.

I tillegg ser vi at bustadutvikling skal vurderast spesielt ved denne rulleringa.

Vi meiner at kommuneplanen bør opne for at det kan byggast nye bustader nær arbeidsplassar. For vidare utvikling i Dyrkolbotn, er det ynskjeleg at kommuneplanen har ei opning for at våre folk kan byggja privat bustad på eigen tomt i nærleiken. Fjellstova klarar neppe å bygge nok. Dessutan kan tilknytta aktivitetar til Fjellstova og leirskuledrifta etter kvart veksa seg større, til dømes smia, gardsdrift, ysteri og annan vidareforedling og produksjon. Spesielt ved knoppskyting, grunderverksemd og nyetablering er det godt å kunne starte i det små i eigen bustad/garasje, på same tid som ein har betaling for liknande arbeid i nærleiken.

Avslutningsvis takkar vi for at Lindås kommune har uttalt så klart at fjella kring Dyrkolbotn og i Stølsheimen må bevarast frå øydeleggande utbygging av vindturbinar og andre store naturinngrep. Vi håpar på vidareføring av den arealpolitikken som har vore ført her dei siste 10-åra.

Vikanes, 14. september 2018

Venleg helsing

Signhild Dyrkolbotn